



Martin Alling  
Kringlebakken 10  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/662 - 21/56206

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.no

Dato:  
27.08.2021

## Avslag på søknad om redusert gebyr - gbnr 243/5 Vassel

**Administrativt vedtak:**      **Saknr: 888/21**  
**Tiltak:**                      riving eksisterande våningshus/oppføring nytt våningshus  
**Byggjestad:**                Gbnr: 243/5  
**Tiltakshavar:**                Martin Alling  
**Ansvarleg søkjar:**            Arkoconsult AS

### VEDTAK:

**Med heimel i Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning for Alver kommune, føresegn 4.9, vert det ikkje gjeve løyve til redusert gebyr fakturert for søknad om byggeløyve.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreinga.**

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Det vart søkt om løyve til riving av eksisterande våningshus, samt oppføring av nytt våningshus og ny intern tilkomstveg. Byggeløyve vart gjeve i vedtak datert 06.08.2021, i sak 846/21.

Det vert elles vist til klage på gebyr motteke av kommunen den 25.08.2021.

### Vurdering:

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

Det er ikkje klaga over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå.

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning for Alver kommune (gebyrregulativet), opnar for at det kan søkjast om redusert gebyr, jf. regulativet pkt 4.9. Fristen for å søkje er 3 veker etter at fakture er motteke.

Faktura for handsaming av byggesøknad vart sendt til tiltakshavar den 11.08.2021. Det vart klaga på fakturaen den 25.08.2021. Administrasjonen finn difor grunnlag for å vurdere klaga som ein søknad om redusert gebyr etter gebyrregulativet pkt 4.9. For at det skal vere grunnlag for å redusere eller frafalle gebyret, må det liggje føre særlege grunnar for det.

Plan- og bygningslova (pbl) § 33-1 gir kommunen grunnlag for å krevje gebyr for handsaming av byggesøknad. Det skal illeggast gebyr i samsvar med lova sine føresegner.

Byggesøknad ble mottatt kommunen den 19.04.2021.

Det vart sendt mangelsbrev til ansvarleg søkjar den 16.06.2021, der følgjende informasjon vart etterspurd:

1. Det må søkjast om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av bustad, samt for etablering av tilkomst veg ettersom garden ikkje er i drift. Dispensasjonssøknaden må grunngjevast og nabovarslast.
2. Fasadeteikningane blir målsett slik at vi kan sjå høgda på omsøkt hus.
3. Det må sendast inn teikningar og terrengprofiler på tilkomstvegen.

Etter å ha avklart med kommunen si landbruksavdeling vart det ikkje naudsynt med dispensasjon som nemnt i pkt. 1. Resterande tilleggsinformasjon vart motteke kommunen 18.06.2021, og søknad vurdert som komplett.

Byggesaksforskrifta (SAK10) § 7-6 legg til grunn at gebyr for handsaming av byggesøknadar vert redusert eller fell vekk dersom kommunen ikkje handsamar søknaden i tide etter pbl § 21-7 første og fjerde ledd.

Det følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 første ledd at søknad om tillatelse etter § 20-2 skal avjerast av kommunen innan tolv uker etter at fullstendig søknad forelegg.

Etttersom det vart tale om riving og oppføring av våningshus og ny internveg, og det faktum at eigedomen ligg innanfor omsynssone H510 – landbruk og H710 – bandleggingssona til framtidig trasé for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen, jf. KDP for Lindås pkt. 4.3.1, vart det naudsynt å sende søknaden på uttale til Statens vegvesen, Vestland fylkeskommune og Alver kommune avd.landbruk. Dette følgjer òg av den kommunale bygningsmyndighetens samordningsplikt, jf. pbl § 21-5, at bygningsmynde har plikt til å innhente uttale frå dei mynde som vert råka av det aktuelle tiltaket. Andre mynde må innan 4 veker frå oversending avgi uttalelse, jf. § 21-5 tredje ledd. Fristen løper ikkje i den tid søknaden er på uttale hos regionale og statlege mynde, jf. pbl § 19-1.

Saka vart sendt på uttale 24.06.2021.

Uttale til saka vart motteke 30.06.2021 (Alver kommune avd. landbruk), 15.07.2021 (Statens vegvesen) og 19.07.2021 (Vestland fylkeskommune).

Kommunen legg til grunn at søknaden vart komplett 18.06.2021. Saka vart på uttale til anna mynde frå 24.06.2021 tom. 19.07.2021, i denne perioden løper ikkje frista på tolv veker.

Dersom kommunen likevel legg til grunn at frist for handsaming startar same dato som kommunen mottok søknaden 19.04.2021, vil frist for handsaming vere 12.08.2021, inkludert 4 veker på uttale.

Kommunen ga løyve til omsøkt tiltak den 06.08.2021, og er såleis innanfor sakshandsamingsfrista. På bakgrunn av ovannemde er det ikkje grunnlag for å redusere eller frafalle gebyr fakturert for handsaming av denne byggesøknaden, jf. gebyrregulativet pkt. 4.9.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/662.

Med helsing

Alver kommune Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Martin Alling

Kringlebakken 10 5915

HJELMÅS